

Utval: Fylkesutvalet
Møtestad: Fylkesutvalsalen, fylkeshuset
Dato: 29.10.2015
Tidspunkt: 11:00-13:30

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Parti	Merknad
Anne Gine Hestetun	Fylkesordførar	A	
Sveinung Valle	Medlem	A	
Kari Sørensen Bernardini	Medlem	A	
Mari Klokkestuen Kjellesvik	Medlem	A	
Helge Nævdal	Medlem	A	
Tom-Christer Nilsen	Medlem	H	
Mona Røsvik Strømme	Medlem	H	
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H	
Terje Søviknes	Medlem	Frp	
Silje Hjemdal	Medlem	Frp	Møtte frå kl. 13.00
Pål Kårbø	Fylkesvaraordførar	KrF	
Benthe Bondhus	Medlem	Sp	
Aud Karin Oen	Medlem	SV	
Tom Sverre Tomren	Medlem	MDG	
Anne-Beth Njærheim	Medlem	V	

Følgjande varamedlemer møte:

Namn	Møtte for	Parti	
Sigbjørn Framnes	Silje Hjemdal	Frp	Kl. 11.00-13.00

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann
Ingrid Kristine Holm Svendsen	Fylkesdirektør økonomi og organisasjon
Svein Heggheim	Fylkesdirektør opplæring
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Per Morten Ekerhovd	Kst. fylkesdirektør kultur og idrett
Arne Åsan	Fylkestannlege
Bård Sandal	Fylkesdirektør regional utvikling
Janne Værnø	Kommunikasjonsdirektør
Gro Stien Thorvaldsen	Seniorrådgjevar

Gro Stien Thorvaldsen
sekretær

Sakliste

Utvalls-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 255/15	Godkjenning møteinnkalling		
PS 256/15	Godkjenning møtebok forrige møte		
PS 257/15	Referatsaker (Meldingar)		
RS 161/15	Markedsføring av fagopplæring og skoler med vekt på rekruttering til yrkesfag	2015/9024	
RS 162/15	Moglegheitstudie på Hjeltnes	2014/931	
RS 163/15	Nye Åsane vgs som Vardeprosjekt i Hordaland	2015/9824	
RS 164/15	Protokoll generalforsamling Fastlandssamband Halsnøy AS	2014/17127	
RS 165/15	Møteprotokoll frå Generalforsamling i Nordhordland Industriservice AS 10 mai.2015	2014/15255	
RS 166/15	Møteprotokoll for generalforsamling i Jondalstunnelen AS 25.06.15 og årsberetning og balanse 2014 signert av styret	2014/17319	
RS 167/15	Protokoll frå generalforsamling i Nordhordlandspakken AS	2014/16083	
RS 168/15	Innovasjon Norges foretaksmøte 2015 - signert protokoll	2014/13720	
RS 169/15	Protokoll frå generalforsamling 2015 i Kveik AS	2014/16109	
RS 170/15	Informasjonsskriv nr. 1 - mulig fremtidig regionreform	2015/9973	
RS 171/15	Konsesjonskraft - Orientering om anke til høgsterett	2015/10634	
RS 172/15	Vurdering av domstolstrukturen for tingretter og jordskifteretter - rettskretser 2015	2015/9591	
RS 173/15	Auka behov for mottaksplassar for asylsøkjjarar - kartlegging av mulige steder for innkvartering	2015/10844	
RS 174/15	Svar på forespurnad om framtida for sjøtrafikksentralen på Fedje	2015/8806	
RS 175/15	Ferjefri kyststamveg - Hordfast og Rogfast	2015/10886	
RS 176/15	Skilting på E134 ved Jøsendal	2015/6589	
RS 177/15	Svar på spørsmål om vegprosjektselskap som har fått fylkeskommunal støtte	2015/3886	
RS 178/15	Rapportering for bruk av kompetansemidlar i landbruket 2015	2015/10346	
RS 179/15	Større saker til politisk behandling - per oktober 2015	2015/10845	
RS 180/15	Status for spørsmål/oversendingsforslag i fylkesutvalet pr. oktober 2015	2015/10348	
RS 181/15	Årsmelding for Hordaland fylkeseldreråd 2014	2014/557	
PS 258/15	Regional plan for kompetanse og arbeidskraft- vedtak av planprogram	2014/17126	
PS 259/15	Regional plan for Hardangervidda. Søknad om forsøksordning med vinteropen fylkesveg over Imingfjell.	2014/11266	
PS 260/15	Liland transformatorstasjon i Bergen kommune. Fråsegn til konsesjonssøknad.	2015/9503	
PS 261/15	Søknad om konsesjon for Miljateig kraftverk i Etne kommune. Fråsegn Hordaland fylkeskommune.	2014/24626	
PS 262/15	Forslag om freding av Stødleterrassen i Etne. Høyringsfråsegn	2015/1175	

PS 263/15	Invitasjon til medlemskap i "Norges Verdensarv". Utfyllende informasjon	2014/15795
PS 264/15	Blått kompetansesenter sør	2015/10383
PS 265/15	Rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren – Budsjettfordeling nr. 5 -2015	2014/598
PS 266/15	Tilskot til ordning med politisk rådgjevar for fylkesordførar	2015/10429
PS 267/15	Ymse	

PS 255/15 Godkjenning møteinnkalling

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.10.2015

Vedtak

Innkallinga vart godkjend utan merknader.

Saklista vart godkjend utan merknader.

PS 256/15 Godkjenning møtebok forrige møte

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.10.2015

Vedtak

Møteprotokollen frå fylkesutvalet 24.09.2015 vart godkjend utan merknader.

PS 257/15 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.10.2015

I samband med RS 163/15 "Nye Åsane vgs som Vardeprosjekt i Hordaland" påpeikte **Helge Nævdal** at dette må inn i Hordaland fylkeskommune sitt innkjøpsreglement.

I samband med RS 175/15 "Ferjefri kyststamveg – Hordfast og Rogfast" viste **Silja Ekeland Bjøkly** til presseoppslag og spurde om den nye politiske leiinga i Hordaland fylkeskommune står fast ved det vedtekne planprogrammet. Dette vart stadfesta. Også fylkesordføraren, Tom-Christer Nilsen, Terje Søviknes, Tom Sverre Tomren, Pål Kårbø, Sigbjørn Framnes, Benthe Bondhus, Aud Karin Oen, Anne Beth Njærheim og Sveinung Valle hadde ordet i diskusjonen.

I samband med RS 171/15 "Konsesjonskraft – Orientering om anke til Høgsterett" stilte **Benthe Bondhus** seg positiv til at saka er anka til Høgsterett, og spurde om kva dette vil koste. Fylkesrådmannen svarte at det er stipulert saksomkostningar på omlag 500.000 kroner.

I samband med RS 176/15 "Skilting på E134 ved Jøsandal" gjorde **Benthe Bondhus** merksam på at skiltet enno ikkje var kome opp.

I samband med RS 170/15 "Informasjonsskriv nr. 1 – mulig fremtidig regionreform" spurde **Anne Beth Njærheim** om fylkeskommunen skal gjere noko med utfordringane som kjem fram i kulepunkta i KS sitt informasjonsskriv. Fylkesordføraren svarte at problemstillingane m.a. vil verte tekne opp i Vestlandsrådet sitt arbeidsutval, som skal ha møte 11. november.

I samband med RS 172/15 "Vurdering av domstolstrukturen for tingretter og jordskifteretter – rettskretser 2015" spurde **Anne Beth Njærheim** om fylkesutvalet t.d. kan lage ei fråsegn om problemstillinga. Fylkesordføraren vil følgje opp dette.

I samband med RS 173/15 "Auka behov for mottaksplassar for asylsøkjjarar – kartlegging av mulige steder for innkvartering" spurde **Tom Sverre Tomren** om fylkeskommunen har bustader som kan stillast til disposisjon for å innlosjere asylsøkjjarar. Fylkesrådmannen svarte at det vert arbeidd med å svare på spørsmåla frå Fylkesmannen i Hordaland. Han vil kome tilbake til dette i eit seinare møte.

I samband med RS 162/15 "Moglegheitstudie på Hjeltnes" spurde **Tom-Christer Nilsen** om korleis den vidare behandlinga vert. Fylkesrådmannen svarte at det vil verte lagt fram sak om problemstillinga i nær framtid.

RS 161/15 Markedsføring av fagopplæring og skoler med vekt på rekruttering til yrkesfag

RS 162/15 Moglegheitstudie på Hjeltnes

RS 163/15 Nye Åsane vgs som Vardeprosjekt i Hordaland

RS 164/15 Protokoll generalforsamling Fastlandssamband Halsnøy AS

RS 165/15 Møteprotokoll frå Generalforsamling i Nordhordland Industriservice AS 10 mai.2015

RS 166/15 Møteprotokoll for generalforsamling i Jondalstunnelen AS 25.06.15 og årsberetning og balanse 2014 signert av styret

RS 167/15 Protokoll frå generalforsamling i Nordhordlandspakken AS

RS 168/15 Innovasjon Norges foretaksmøte 2015 - signert protokoll

RS 169/15 Protokoll frå generalforsamling 2015 i Kveik AS

RS 170/15 Informasjonsskriv nr. 1 - mulig fremtidig regionreform

RS 171/15 Konesjonskraft - Orientering om anke til høgsterett

RS 172/15 Vurdering av domstolstrukturen for tingretter og jordskifteretter - rettskretser 2015

RS 173/15 Auka behov for mottaksplassar for asylsøkjjarar - kartlegging av mulige steder for innkvartering

RS 174/15 Svar på forespurnad om framtida for sjøtrafikksentralen på Fedje

RS 175/15 Ferjefri kyststamveg - Hordfast og Rogfast

RS 176/15 Skilting på E134 ved Jøsendal

RS 177/15 Svar på spørsmål om vegprosjektselskap som har fått fylkeskommunal støtte

RS 178/15 Rapportering for bruk av kompetansemidlar i landbruket 2015

RS 179/15 Større saker til politisk behandling - per oktober 2015

RS 180/15 Status for spørsmål/oversendingsforslag i fylkesutvalet pr. oktober 2015

RS 181/15 Årsmelding for Hordaland fylkeseldreråd 2014

PS 258/15 Regional plan for kompetanse og arbeidskraft- vedtak av planprogram

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet vedtek planprogram for Regional plan for kompetanse og arbeidskraft med dei

endringane som er foreslått i saksframlegget. Fylkesrådmannen får fullmakt til redaksjonell utforming av endringane.

2. Opplærings- og helseutvalet utnemner ein representant frå utvalet til styringsgruppa, samt representant frå Hordaland fagskulestyre og yrkesopplæringsnemnda. Representant frå Opplærings- og helseutvalet er vara for leiar.
3. Fylkesutvalet utnemner leiar for styringsgruppa.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å invitere til deltaking i styringsgruppe, utover representantar i pkt. 2 og 3, arbeidsgruppe og administrativ sekretariat i samsvar med planprogrammet.

Saksprotokoll i opplærings- og helseutvalet - 29.09.2015

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkesutvalet vedtek planprogram for Regional plan for kompetanse og arbeidskraft med dei endringane som er foreslått i saksframlegget. Fylkesrådmannen får fullmakt til redaksjonell utforming av endringane.
2. Opplærings- og helseutvalet utnemner ein representant frå utvalet til styringsgruppa, samt representant frå Hordaland fagskulestyre og yrkesopplæringsnemnda. Representant frå Opplærings- og helseutvalet er vara for leiar.
3. Fylkesutvalet utnemner leiar for styringsgruppa.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å invitere til deltaking i styringsgruppe, utover representantar i pkt. 2 og 3, arbeidsgruppe og administrativ sekretariat i samsvar med planprogrammet.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.10.2015

Benthe Bondhus gjorde framlegg om Alexander Fosse Andersen som leiar for styringsgruppa.

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Bondhus sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet vedtek planprogram for Regional plan for kompetanse og arbeidskraft med dei endringane som er foreslått i saksframlegget. Fylkesrådmannen får fullmakt til redaksjonell utforming av endringane.
2. Opplærings- og helseutvalet utnemner ein representant frå utvalet til styringsgruppa, samt representant frå Hordaland fagskulestyre og yrkesopplæringsnemnda. Representant frå opplærings- og helseutvalet er vara for leiar.
3. Fylkesutvalet utnemner Alexander Fosse Andersen som leiar for styringsgruppa.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å invitere til deltaking i styringsgruppe, utover representantar i pkt. 2 og 3, arbeidsgruppe og administrativ sekretariat i samsvar med planprogrammet.

PS 259/15 Regional plan for Hardangervidda. Søknad om forsøksordning med vinteropen fylkesveg over Imingfjell.

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet i Hordaland avslår søknad om forsøksordning med vinteropen fylkesveg over Imingfjell

av omsyn til villreinens behov. Spørsmålet vart grundig vurdert i Regional plan for Hardangervidda og vart ut frå ei heilskapleg vurdering da avvist. Ein dispensasjon vil dessutan svekke den regionale planen som styringsverktøy.

2. Spørsmålet om vinterbrøyting kan om ønskeleg takast opp ved rullering av Regional plan for Hardangervidda. Tidspunkt for rulleringa av den regionale planen vert avklart i dei tre fylkas planstrategiar.
3. Eit eventuelt prøveprosjekt krev eit positivt vedtak i alle tre fylkeskommunar fordi dette vil vere i strid med ein felles vedtatt plan.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.10.2015

Tom-Christer Nilsen sette fram slikt forslag:

"Alternativ til innstillinga:
Fylkesutvalet går inn for forsøk med vinteropen fylkesveg over Imingfjell."

Røysting

Nilsen sitt forslag fekk 5 røyster (H, Frp) og fall.
Innstillinga vart vedteken mot 5 røyster (H, Frp).

Vedtak

1. Fylkesutvalet i Hordaland avslår søknad om forsøksordning med vinteropen fylkesveg over Imingfjell av omsyn til villreinens behov. Spørsmålet vart grundig vurdert i Regional plan for Hardangervidda og vart ut frå ei heilskapleg vurdering då avvist. Ein dispensasjon vil dessutan svekke den regionale planen som styringsverktøy.
2. Spørsmålet om vinterbrøyting kan om ønskeleg takast opp ved rullering av Regional plan for Hardangervidda. Tidspunkt for rulleringa av den regionale planen vert avklart i dei tre fylka sine planstrategiar.
3. Eit eventuelt prøveprosjekt krev eit positivt vedtak i alle tre fylkeskommunar fordi dette vil vere i strid med ein felles vedtatt plan.

PS 260/15 Liland transformatorstasjon i Bergen kommune. Fråsegn til konsesjonssøknad.

Saksprotokoll i kultur- og ressursutvalet - 01.10.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Hordaland fylkeskommune rår til bygging av Liland transformatorstasjon.
2. Om det syner seg at grenseverdiane for magnetfelt og støy vert overskridne, vil fylkesrådmannen be om avbøtande tiltak slik at grenseverdiane vert haldne.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.10.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune rår til bygging av Liland transformatorstasjon.
2. Om det syner seg at grenseverdiane for magnetfelt og støy vert overskridne, vil fylkesrådmannen be om avbøtande tiltak slik at grenseverdiane vert haldne.

PS 261/15 Søknad om konsesjon for Miljateig kraftverk i Etne kommune. Fråsegn Hordaland fylkeskommune.

Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune rår til Miljateig kraftverk.
2. Det bør vurderast nivå for minstevassføring som reduserer verknadane for biologisk mangfald i bekkekløfta.
3. Utforminga og anleggsarbeid for røyrgate og kraftstasjon må i minst mogleg grad skape sår i fjordlandskapet.

Saksprotokoll i kultur- og ressursutvalet - 01.10.2015

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slikt forslag til vedtak på vegner av MDG:

- «1. Av omsyn til landskapskvaliteter, naturkvaliteter og samverknader rår Hordaland fylkeskommune frå søknaden om konsesjon for Miljateig kraftverk i Etne kommune.
2. Om det likevel blir gitt konsesjon bør nivå for minstevassføring som reduserer verknadane for biologisk mangfald i bekkekløfta vurderast.
3. Om konsesjon blir gitt må utforminga og anleggsarbeid for røyrgate og kraftstasjon gjerast slik at det skaper minst mogleg sår i fjordlandskapet.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke med 10 røyster mot MDG sitt forslag som fall.

Innstilling

1. Hordaland fylkeskommune rår til Miljateig kraftverk.
2. Det bør vurderast nivå for minstevassføring som reduserer verknadane for biologisk mangfald i bekkekløfta.
3. Utforminga og anleggsarbeid for røyrgate og kraftstasjon må i minst mogleg grad skape sår i fjordlandskapet.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.10.2015

Tom Sverre Tomren sette på vegner av MDG og SV fram slikt forslag:

"Alternativt forslag:

1. Av omsyn til landskapskvalitetar, naturkvalitetar og samverknader rår Hordaland fylkeskommune frå søknaden om konsesjon for Miljateig kraftverk i Etne kommune.
2. Om det likevel blir gitt konsesjon, bør nivå for minstevassføring som reduserer verknadane for biologisk mangfald i bekkekløfta vurderast.
3. Om konsesjon blir gitt må utforminga og anleggsarbeid for røyrgate og kraftstasjon gjerast slik at det utgjør minst mogleg sår i fjordlandskapet."

Røysting

Tomren sitt forslag fekk 2 røyster (MDG, SV) og fall.

Innstillinga vart vedteken mot 2 røyster (MDG, SV).

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune rår til Miljateig kraftverk.
2. Det bør vurderast nivå for minstevassføring som reduserer verknadane for biologisk mangfald i bekkekløfta.
3. Utforminga og anleggsarbeid for røyrgate og kraftstasjon må i minst mogleg grad skape sår i fjordlandskapet.

PS 262/15 Forslag om freding av Stødleterrassen i Etne. Høyringsfråsegn

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet sluttar seg til freding av Stødleterrassen. Fredinga vil sikra dei nasjonale kulturminneverdiane og samstundes leggja til rette for vidare drift som landbruksområde.
2. Fylkesutvalet ber om at utarbeiding av forvaltingsplanen vert prioritert.
3. Fylkesutvalet ber om at fredinga vert følgt opp med auka fokus på kunnskapsformidling og utvikling av kulturminna i området, i samråd med lokale styresmakter og grunneigarar.

Saksprotokoll i kultur- og ressursutvalet - 20.08.2015

Svein Halleraker (H) sette fram slikt forslag til vedtak:

«Saka vert utsett til neste møte i utvalet, slik at det vert tid til ei synfaring der medlemmane i Fylkesutvalet også vert invitert til å ta del.»

Røysting

Halleraker sitt forslag vart samrøystes vedteke mpt fylkesrådmannen sitt forslag som fall.

Innstilling

Saka vert utsett til neste møte i utvalet, slik at det vert tid til ei synfaring der medlemmane i Fylkesutvalet også vert invitert til å ta del.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.08.2015

Det var 14 representantar til stades.

Vedtak

Saka var utsett i kultur- og ressursutvalet, og vart difor ikkje behandla.

Saksprotokoll i kultur- og ressursutvalet - 01.10.2015

Svein Halleraker (H) sette fram slikt forslag til vedtak på vegner av H, Frp og V:

- «1. Hordaland fylkeskommune ønskjer ikkje freding av Støleterrassen etter Kulturminnelova.
2. Hordaland fylkeskommune meiner at plan og bygningslova gir gode verkemiddel for å sikre andre kulturminneinteresser i området, t.d. ved bruk av omsynssonar. Mykje av Støleterrassen er allereie freda gjennom Kulturminnelova.
3. Hordaland fylkeskommune meiner at freding vil føre til innskrenkingar i lokal råderett i høve til i dag, og ei unødig auke av byråkrati i samband med saksbehandling.»

Røysting

Halleraker sitt forslag vart vedteke med 6 røyster (leiar si røyst) mot 6 røyster (A, MDG og Krf).

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 1 fekk 6 røyster (A, MDG og Krf) mot 6 røyster (leiar si røyst) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 2 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 3 fekk 6 røyster (A, MDG og Krf) mot 6 røyster (leiar si røyst) og fall.

Innstilling

1. Hordaland fylkeskommune ønskjer ikkje freding av Støleterrassen etter Kulturminnelova.
2. Hordaland fylkeskommune meiner at plan og bygningslova gir gode verkemiddel for å sikre andre kulturminneinteresser i området, t.d. ved bruk av omsynssonar. Mykje av Støleterrassen er allereie freda gjennom Kulturminnelova.
3. Hordaland fylkeskommune meiner at freding vil føre til innskrenkingar i lokal råderett i høve til i dag, og ei unødig auke av byråkrati i samband med saksbehandling.
4. Fylkesutvalet ber om at utarbeiding av forvaltingsplanen vert prioritert.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.10.2015

Benthe Bondhus sette fram slikt forslag:

"Saka vert utsett. (For at fylkesutvalet skal ta befarings)."

Røysting (forslaget om utsetjing)

Bondhus sitt forslag vart vedteke mot 7 røyster (H, Frp, V, MGD).

Vedtak

Saka vert utsett.

PS 263/15 Invitasjon til medlemskap i "Norges Verdensarv". Utfyllande informasjon

Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune teiknar medlemskap i «Norges Verdensarv»
2. Årleg medlemskontingent på kr 20 000,- vert dekkja innanfor nettoramma til Kultur- og idrettsavdelinga

Saksprotokoll i kultur- og ressursutvalet - 01.10.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Hordaland fylkeskommune teiknar medlemskap i «Norges Verdensarv»
2. Årleg medlemskontingent på kr 20 000,- vert dekkja innanfor nettoramma til Kultur- og idrettsavdelinga

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.10.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune teiknar medlemskap i «Norges Verdensarv».
2. Årleg medlemskontingent på kr 20 000,- vert dekt innanfor nettoramma til kultur- og idrettsavdelinga.

PS 264/15 Blått kompetansesenter sør

Forslag til vedtak

1. Hordaland fylkeskommune er positiv til å vurdere eigna område og vidaregåande skular i Hordaland som kan vere aktuelle for samlokalisering ved etablering av eit blått kompetansesenter
2. Hordaland fylkeskommune er positiv til kartlegging av mogleg finansiering av blått kompetansesenter ved hjelp av utleige av skulekonesjonar for akvakultur og fiskeri
3. Hordaland fylkeskommune ynskjer å vurdere tomtetilhøva ved Austevoll vidaregåande skule med tanke på eventuell frigjeving av fylkeskommunalt areal til eit slikt senter
4. Fylkesadministrasjonen ved opplæringsavdelinga og regionalavdelinga legg til rette for desse kartleggingane, samt vurdering av aktuelle næringsaktørar og deira vilje og vilkår for investering i eit slikt senter. Fylkesutvalet legg til grunn at eksterne kostnader for ei slik utredning vert dekt av dei

regionale utviklingsmidlane (HNH budsjettet – FUV).

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.10.2015

Fylkesrådmannen sette fram slikt forslag:

"Første del av første setning i punkt 4 vert endra slik:
Fylkesadministrasjonen ved *fylkesrådmannen* legg til rette for ..."

Terje Søviknes sette fram slikt forslag:

"Endra punkt 1 og 3:

1. Hordaland fylkeskommune er positiv til tettare samarbeid mellom vidaregåande opplæring , høgare utdanning og næringsliv ved etablering av blått kompetansesenter.
3. Blått kompetansesenter vert lokalisert til tomt v/ Austevoll vidaregåande skule."

Røysting

Søviknes sitt forslag til punkt 1 fekk 6 røyster (Frp, H, V) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag til punkt 1 vart vedteke mot 6 røyster (Frp, H, V).

Fylkesrådmannen sitt forslag til punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Søviknes sitt forslag til punkt 3 fekk 6 røyster (Frp, H, V) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag til punkt 3 vart vedteke mot 6 røyster (Frp, H, V).

Fylkesrådmannen sitt forslag til punkt 4 med endringsforslaget frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune er positiv til å vurdere eigna område og vidaregåande skular i Hordaland som kan vere aktuelle for samlokalisering ved etablering av eit blått kompetansesenter.
2. Hordaland fylkeskommune er positiv til kartlegging av mogleg finansiering av blått kompetansesenter ved hjelp av utleige av skulekonsesjonar for akvakultur og fiskeri.
3. Hordaland fylkeskommune ynskjer å vurdere tomtetilhøva ved Austevoll vidaregåande skule med tanke på eventuell frigjeving av fylkeskommunalt areal til eit slikt senter.
4. Fylkesadministrasjonen ved fylkesrådmannen legg til rette for desse kartleggingane, samt vurdering av aktuelle næringsaktørar og deira vilje og vilkår for investering i eit slikt senter. Fylkesutvalet legg til grunn at eksterne kostnader for ei slik utgreiing vert dekt av dei regionale utviklingsmidlane (HNH budsjettet – FUV).

PS 265/15 Rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren – Budsjettfordeling nr. 5 -2015

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet godkjenner fordeling av midlar til rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren i 2015 som skissert i saksutgreiinga, og at det vert gjort følgjande budsjettendringar:

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10 635.020.00	02320	02137	Norheimsund vgs – Auditorium m.m.	1 000 000	
10 621.020.00	02320	02145	Bergen katedralskule – Kjøkken	3 000 000	
10 643.020.00	02320	03223	Askøy vgs. – Internkontroll Elektro	500 000	
10 777.021.00	02320	03000	Rehab. / omb./ tilbygg		4 500 000
				4 500 000	4 500 000

Saksprotokoll i opplærings- og helseutvalet - 29.09.2015

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet godkjenner fordeling av midlar til rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren i 2015 som skissert i saksutgreiinga, og at det vert gjort følgjande budsjettendringar:

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10 635.020.00	02320	02137	Norheimsund vgs – Auditorium m.m.	1 000 000	
10 621.020.00	02320	02145	Bergen katedralskule – Kjøkken	3 000 000	
10 643.020.00	02320	03223	Askøy vgs. – Internkontroll Elektro	500 000	
10 777.021.00	02320	03000	Rehab. / omb./ tilbygg		4 500 000
				4 500 000	4 500 000

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.10.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet godkjenner fordeling av midlar til rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren i 2015 som skissert i saksutgreiinga, og at det vert gjort følgjande budsjettendringar:

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10 635.020.00	02320	02137	Norheimsund vgs – Auditorium m.m.	1 000 000	
10 621.020.00	02320	02145	Bergen katedralskule – Kjøkken	3 000 000	
10 643.020.00	02320	03223	Askøy vgs. – Internkontroll Elektro	500 000	
10 777.021.00	02320	03000	Rehab. / omb./ tilbygg		4 500 000
				4 500 000	4 500 000

PS 266/15 Tilskot til ordning med politisk rådgjevar for fylkesordførar

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget godkjenner at det for valperioden 2015-2019 vert utbetalt eit tilskot til ein politisk rådgjevar for det partiet som til ei kvar tid har vervet som fylkesordførar.
2. Tilskotet utgjer ein årleg sum på kr 650.000 og skal regulerast kvart år i samsvar med den generelle lønsutviklinga i HFK.
3. Ordninga tek til å gjelde frå 15.10.2015.
4. Ordninga med tilskott til opposisjonsgruppene på totalt kr 645.000 (budsjett 2015) vert vidareført i tråd med reglement for godtgjersle til folkevalde.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.10.2015

Pål Kårbø sette på vegner av KrF, A, Sp og SV fram slikt forslag:

"Endring av punkt 2:

Tilskotet utgjer ein årleg sum lik "tilskottet til opposisjonsgrupper" kr 645.000 (budsjett 2015) og skal regulerast kvart år i samsvar med punkt 4."

Tom-Christer Nilsen sette fram slikt forslag:

"Saka vert utsett. (Behov for grundigare utgreiing)"

Røysting (forslaget om utsetjing)

Nilsen sitt forslag fekk 7 røyster (H, Frp, V, MDG) og fall.

Røysting (saka)

Kårbø sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 3 røyster (H).

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1, 3 og 4 vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 3 røyster (H).

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget godkjenner at det for valperioden 2015-2019 vert utbetalt eit tilskot til ein politisk rådgjevar for det partiet som til ei kvar tid har vervet som fylkesordførar.
2. Tilskotet utgjer ein årleg sum lik "tilskottet til opposisjonsgrupper" kr 645.000 (budsjett 2015) og skal regulerast kvart år i samsvar med punkt 4.
3. Ordninga tek til å gjelde frå 15.10.2015.
4. Ordninga med tilskott til opposisjonsgruppene på totalt kr 645.000 (budsjett 2015) vert vidareført i tråd med reglement for godtgjersle til folkevalde.

PS 267/15 Ymse

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.10.2015

Sakene vart behandla i slik rekkjefølgje: PS 258-266/15.

OPEN TIME

Sveinung Valle sette fram slikt forslag til uttale til:

"Uttale til Statsbudsjettet 2016 - verknader for Hordaland fylkeskommune

Fylkesrådmannen i Hordaland sitt budsjettforslag for 2016 er no til handsaming i politiske organ i Hordaland fylkeskommune. Fylkesrådmannen har i budsjettforslaget teke omsyn til verknadene av forslag i Statsbudsjett for 2016.

Ut frå det som kjem fram i statsbudsjettet – og i fylkesrådmannen sitt budsjettforslag – reagerer fylkesutvalet i Hordaland særleg på følgjande punkt:

- Låg kompensasjon for auke i momssatsen frå 8% til 10% for m.a. kollektivtransport
- Låg kompensasjon og urimeleg fordeling av kompensasjon for vegbruksavgift for naturgass

Auke i momssatsen frå 8% til 10%

Regjeringa foreslår i statsbudsjettet å auka lågaste meirverdiavgiftssats frå 8% til 10%. Kollektivtransporten kjem inn under denne momssatsen. I rammetilskotet til fylkeskommunane er det forslag om samla kompensasjon på 140 mill. kr som følgje av auke momssats.

Hordaland fylkeskommune sin del av det samla rammetilskotet utgjer 10% (del av berekna utgiftsbehov er 9,98%). I fylkesrådmannen sitt budsjettforslag for fylkeskommunen er det difor lagt til grunn ein kompensasjon for Hordaland på 14 mill. kr.

Utrekningar for kollektivtransporten i Hordaland viser at den auka momssatsen vil auka kostandene med 23 mill. kr – fordelt med 17 mill. kr for buss- og båtrutedrifta og 6 mill. kr for ferjedrifta.

Vegbruksavgift på naturgass

Regjeringa foreslår vidare å innføra vegbruksavgift for naturgass. Dette vil medføra kostnadsauke for gassbussdrifta i Hordaland. I rammetilskotet er det forslag om samla kompensasjon til fylkeskommunane på 90 mill. kr – der Hordaland sin del utgjer 10% - eller 9 mill. kr, jf. ovanfor.

Utrekningar for kollektivtransporten i Hordaland viser at den nye vegbruksavgifta vil auka kostandene med 25 mill. kr for drift av gassbussane i Hordaland.

Sidan det berre er eit fåtal fylkeskommunar som har gassbussdrift, reagerer Hordaland fylkeskommune særleg på måten det er lagt inn kompensasjon på. I og med at det er lagt inn i det samla rammetilskotet, vil alle fylkeskommunar få kompensasjon – anten ein har gassbussdrift eller ikkje. Dette bør endrast slik at berre dei fylkeskommunane som har gassbussdrift får kompensasjon for vegbruksavgifta.

Kostnadsnøklar for båt- og ferjeruter

I kommuneproposisjonen 2016, som vart lagt fram i mai 2015, gjekk regjeringa gjennom det nye inntektssystemet for fylkeskommunane som tok til å gjelda i 2015.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har over tid arbeidd med å finna gode kostnadsnøklar for båt- og ferjerutene. I statsbudsjettet for 2016 har ein enno ikkje lukkast å finna endelege utrekningsnøklar. Det er dermed også for 2016 lagt opp til å nytta rekneskapstal for båtrutedrifta og talet på ferjesamband som kriteriedata for utrekningane. Regjeringa legg opp til å arbeida vidare med dette, og tek sikte på ny vurdering i kommuneproposisjonen for 2017.

Hordaland fylkeskommune har tidlegare reagert på at talet på ferjesamband vert nytta som kriteriedata. Etter fylkeskommunen sitt syn, bør ein i alle høve skilja mellom høg- og lågtrafikkerte samband, kort og lang opningstid i sambandet og ikkje minst ta omsyn til talet på ferjer som vert nytta i dei einskilde sambanda.

Stortingskomiteane sitt arbeid med statsbudsjettet

Fylkesutvalet i Hordaland ber stortingskomiteane merka seg at kompensasjonen for momssatsauken og den nye vegbruksavgifta langt frå dekker meirkostnadene forslaga vil påføra kollektivtransporten i Hordaland. Samla kompensasjon er knapt halvparten av kostnadsauken.

Fylkesutvalet ber komitémedlemmane særleg merka seg at kompensasjonen for vegbruksavgifta for naturgass er fordelt på alle fylkeskommunane, anten ein har gassbussdrift og får meirkostnader eller ikkje.

Fylkesutvalet i Hordaland ber også om at Stortinget har merksemd på regjeringa sitt arbeid med revisjon av inntektssystemet for fylkeskommunane fram mot kommuneproposisjonen for 2017. Dette gjeld særleg for det som gjeld kriteriedata for båt- og ferjeruter."

Røysting

Valle sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

"Uttale til Statsbudsjettet 2016 - verknader for Hordaland fylkeskommune

Fylkesrådmannen i Hordaland sitt budsjettforslag for 2016 er no til handsaming i politiske organ i Hordaland fylkeskommune. Fylkesrådmannen har i budsjettforslaget teke omsyn til verknadene av forslag i Statsbudsjett for 2016.

Ut frå det som kjem fram i statsbudsjettet – og i fylkesrådmannen sitt budsjettforslag – reagerer fylkesutvalet i Hordaland særleg på følgjande punkt:

- Låg kompensasjon for auke i momssatsen frå 8% til 10% for m.a. kollektivtransport
- Låg kompensasjon og urimeleg fordeling av kompensasjon for vegbruksavgift for naturgass

Auke i momssatsen frå 8% til 10%

Regjeringa foreslår i statsbudsjettet å auka lågaste meirverdiavgiftssats frå 8% til 10%. Kollektivtransporten kjem inn under denne momssatsen. I rammetilskotet til fylkeskommunane er det forslag om samla kompensasjon på 140 mill. kr som følgje av auka momssats.

Hordaland fylkeskommune sin del av det samla rammetilskotet utgjer 10% (del av berekna utgiftsbehov er 9,98%). I fylkesrådmannen sitt budsjettforslag for fylkeskommunen er det difor lagt til grunn ein kompensasjon for Hordaland på 14 mill. kr.

Utrekningar for kollektivtransporten i Hordaland viser at den auka momssatsen vil auka kostandene med 23 mill. kr – fordelt med 17 mill. kr for buss- og båtrutedrifta og 6 mill. kr for ferjedrifta.

Vegbruksavgift på naturgass

Regjeringa foreslår vidare å innføra vegbruksavgift for naturgass. Dette vil medføra kostnadsauke for gassbussdrifta i Hordaland. I rammetilskotet er det forslag om samla kompensasjon til fylkeskommunane på 90 mill. kr – der Hordaland sin del utgjer 10% - eller 9 mill. kr, jf. ovanfor.

Utrekningar for kollektivtransporten i Hordaland viser at den nye vegbruksavgifta vil auka kostandene med 25 mill. kr for drift av gassbussane i Hordaland.

Sidan det berre er eit fåtal fylkeskommunar som har gassbussdrift, reagerer Hordaland fylkeskommune særleg på måten det er lagt inn kompensasjon på. I og med at det er lagt inn i det samla rammetilskotet, vil alle fylkeskommunar få kompensasjon – anten ein har gassbussdrift eller ikkje. Dette bør endrast slik at berre dei fylkeskommunane som har gassbussdrift får kompensasjon for vegbruksavgifta.

Kostnadsnøklar for båt- og ferjeruter

I kommuneproposisjonen 2016, som vart lagt fram i mai 2015, gjekk regjeringa gjennom det nye inntektssystemet for fylkeskommunane som tok til å gjelda i 2015.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har over tid arbeidd med å finna gode kostnadsnøklar for båt- og ferjerutene. I statsbudsjettet for 2016 har ein enno ikkje lukkast å finna endelege utrekningsnøklar. Det er dermed også for 2016 lagt opp til å nytta rekneskapstal for båtrutedrifta og talet på ferjesamband som kriteriedata for utrekingane. Regjeringa legg opp til å arbeida vidare med dette, og tek sikte på ny vurdering i kommuneproposisjonen for 2017.

Hordaland fylkeskommune har tidlegare reagert på at talet på ferjesamband vert nytta som kriteriedata. Etter fylkeskommunen sitt syn, bør ein i alle høve skilja mellom høg- og lågtrafikkerte samband, kort og lang opningstid i sambandet og ikkje minst ta omsyn til talet på ferjer som vert nytta i dei einsskilde sambanda.

Stortingskomiteane sitt arbeid med statsbudsjettet

Fylkesutvalet i Hordaland ber stortingskomiteane merka seg at kompensasjonen for momssatsauken og den nye vegbruksavgifta langt frå dekker meirkostnadene forslaga vil påføra kollektivtransporten i Hordaland. Samla kompensasjon er knapt halvparten av kostnadsauken.

Fylkesutvalet ber komitémedlemmane særleg merka seg at kompensasjonen for vegbruksavgifta for naturgass er fordelt på alle fylkeskommunane, anten ein har gassbussdrift og får meirkostnader eller ikkje.

Fylkesutvalet i Hordaland ber også om at Stortinget har merksemd på regjeringa sitt arbeid med revisjon av inntektssystemet for fylkeskommunane fram mot kommuneproposisjonen for 2017. Dette gjeld særleg for det som gjeld kriteriedata for båt- og ferjeruter.

Pål Kårbø sette på vegner av KrF, A, Sp og SV fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

"Ber om at fylkesutvalet vert førelagt sak om "prinsipp og føremål for rullering av Skulebruksplanen (SBT)".

Ei slik sak er allereie handsama i opplærings – og helseutvalet sitt møte 29/9.

Kårbø sitt forslag vart oversendt på vegner av forslagsstillarane utan realitetsbehandling.

Aud Karin Oen sette på vegner av SV, A, Sp og KrF fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

"PS 198/15 Avtale med JCDecaux om reklame på rullande materiell og ber med dette om at rådmannen legg fram sak om korleis ein kan få reversere avtalen."

Oen sitt forslag vart oversendt på vegner av forslagsstillarane utan realitetsbehandling.

Terje Søviknes viste til nye rutinar m.o.t politisk deltaking på eksterne og eigne konferansar. Han oppfatta dette som ei problematisk innstramming i høve til tidlegare praksis. Fylkesordføraren vil revurdere rutinane.

Tom Sverre Tomren stilte slikt spørsmål til fylkesrådmannen:

1. "Hvilken inntjening til en innføring av avgifter på elbil på 50 % føre til?"
2. Ligger dagens tariffsystem med 50 % kortreduksjon og "Fører inkludert i bilbillett" til grunn for det framlagte forslaget i budsjettet?"

Fylkesrådmannen vil svare Tomren, med kopi til gruppeleiarane.

Silje Hjemdal stilte slikt spørsmål til fylkesrådmannen:

"Hvilken rolle har Hordaland fylkeskommune i arbeidet med å følge opp Regjeringens handlingsplan for veteraner?"

Mange kommune er godt i gang med arbeidet, og Frp mener at Hordaland fylkeskommune bør ha en aktiv rolle i dette arbeidet.

Mange veteraner har bosted i Hordaland, men bor i en kommune uten kompetanse på feltet.

Kan fylkesutvalget få en orientering om hvilken rolle Hordaland fylkeskommune har i dag?"

Fylkesrådmannen vil kome tilbake med svar.